



Ordførar Synnøve Solbakken plantar nygrana saman med ein ny generasjon uskedelingar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Grano i Uskedalen er eit landemerke i Uskedalen og Kvinnherad. Det er eit landemerke som heile kommunen snakkar om. Det er liksom ikkje skikkjeleg advent før ho er tent.

Det var ordførar Synnøve Solbakken som sa dette før ho var med og planta den nye julegrana på kommunal grunn ved Gamleskiulen søndag ettermiddag. Det viste seg at plantestaden likevel ikkje hørde til Uskedalen Utvikling.



Musikklaget har hatt ansvar for Rnao heilt sidan ho vart julegran. Her spelar musikklaget før den nye grana vart planta. Musikarane er Bjørgulv Eik, Gunvald Friheim, Knut Stensletten, Vegard Døssland, Ståle Eik, Audun Eik, Einar Gjertsen, Håvard S. Eik og Lene Bergstø. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Plantinga av den nye 210 centimeter høge grana frå eit plantefelt som Steinar Haugland eig var eit av høgdepunkta under grunnlovsdagsfeiringa i bygda.

Fleire frå den yngre generasjon uskedelingar var med og planta og symboliserte dermed framtida både for seg sjølv og treet.

- Alle bygder har sine tradisjonar og det er viktig. Uskedalen har sin tradisjon knytta til Grano, sa ordføraren som med vitjinga her sette punktum for ein hektisk men flott dag høgt og lågt i kommunen.

Medan festlyden venta på ordføraren spela initiativtakaren bak nygrana - musikklaget - eitpar marsjar.

Bjørgulv Eik orienterte om 'prosjektet'. han vona at gammelgrana vil leva vidare i mange år, men det er viktig å vera føre var.

Difor tok musikklaget opp saka om fornying, ordna det reint formelle, møtte berre velvilje frå alle hald inkludert naboane Reidar Myklebust og Torfinn Myklebust og fekk henta ei ny gran ned frå dalen.

Av Ola Matti Mathisen